

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: Sv. Lyngnes

Gard: Steinsvik

(adresse): Steinsvik på S.

G.nr. 131 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skikken med julenisse har det vore svært lite om i grendene her. Vi veit ikkje av at det korkje i eldre eller nyare tid har vore noko slikt. Rett nok har det stundom vore prøvt med julenisse på barnefestar til å dele ut gåver, men folk har ikkje lika det - og dei minste borna har vorte redde og fått ein skrekk som har vart lenge. Det har og ~~xxx~~ hendt at Julenissen har gjesta somme heimar julekvelden, og då slik at ein kvan av slekta har kledd seg ut - og gått berre til slektningane. Han har hatt med seg dei gåvene som dei i huset han ~~xxx~~ hørde til ville gje desse næraste slektningane. Men nokon skikk kan ein ikkje seia det er.

ad. 3-4. Maskene er kjøpt, kleda elles ikkje så nett med.

ad. 6-7. Skikken med julebukk er ukjent no. Før har det vore prøvd, men berre reint sjeldan, og då visseleg etter påverknad av forteljingar om slikt andre stader frå.

ad. 8. Den nye nissen som ein kjenner frå bøker og julekort har ikkje noko å gjera med den gamle, fjøsnissen.

ad. 9. Heilt ukjent.